

## Protokoll frå styremøte, 15.03.2023

**Stad:** Sakralrommet Førdehuset (2.etg)

**Kl:** 11:00 – 13:00

Desse møtte:

Knut Johan Mikkelsen, Kurt Grønli, Aslaug Vårdal Igelkjøn og Torleif Håland (vara)

## Sakliste

### 01/ 23. Konstituering av styret.

Saklista vart godkjent. Styret har fordelt arbeidsoppgåvene slik:

- Leiar: Knut Johan Mikkelsen
- Kasserar: Kurt Grønli
- Skrivar: Aslaug Vårdal Igelkjøn
- Vara: Torleif Håland

Styret er ansvarleg for medlemskartoteket.

Det er ønskjeleg med ei oversikt over utstyr som Seniornett Førde eig.

Opplæringsbehov i styret: Aslaug ønskjer opplæring i nedlasting og publisering av dokument som t.d. referat frå styremøte på heimesida til Seniornett Førde.

**Vedtak:** Vara får innkalling til alle styremøte, og kan møte om han vil.- Har stemmerett. Alle vedtak styret gjer skal protokollførast.

Leiar og kasserar skal ha tilgang til medlemskartotek.

Torleif Håland lagar ei liste over utstyr som Seniornett Førde eig, og får vite kven som disponerer nøkkel.

Leiar har fått invitasjon til leiarmøte i Seniornett Vestland 20 – 21. april 2023 i Bergen, og vil delta der. Seniornett Førde dekkjer reiseutgifter tur/ retur Bergen.

Oversikt over komande styremøter:

Onsdag 26.04.23 – kl. 10.00 – 12.00

Onsdag 23.08.23 – kl. 10.00 – 12.00

Onsdag 27.09.23 – kl 10.00 – 12.00

### 02/ 23. Våravslutning. Torsdag 30.mars 2023 kl 14:00- 16:30

**Stad:** Utstillingssalen i Førdehuset.

Ny leiar samarbeider med avtroppende leiar. Avtroppande leiar, leier store deler av programmet. Det er avtroppande styre som har planlagt og gjennomført kursplanen.

**Vedtak:** Kuvertprisen for matsserveringa på Våravslutninga skal ikkje overskride kr. 500,-, inkludert hovedrett, kaffi og kaker v/ Sunnfjord Catering. Eigenandel å betale for medlemmene vert kr. 200,-

### **03/23. Landsmøte Seniornett Norge 4.-5.mai i Drammen**

Vi har 4 stemmer på Landsmøtet. Leiar ønskjer at fire personar reiser. Aslaug Vårdal Igelkjøn og Torleif Håland ønskjer ikkje å vere utsendingar.

**Vedtak:** Knut Johan Mikkelsen reiser til Landsmøtet. Kurt Grønli vurderer å reise. Leiar spør to av dei andre instruktørane om dei vil vere med. Seniornett Førde dekkjer reiseutgiftene tur/ retur Oslo/ Drammen for inntil fire personar.

### **04/23. Kurs hausten og våren 2023/24.**

Leiar foreslår å involvere alle instruktørane i planleggingsarbeidet med dei føringane som årsmøtet gav. Styret ønskjer å tilby kurs og opplæring av nye instruktørar.

**Vedtak:** Leiar innkallar alle instruktørane i Seniornett Førde og lagar ein plan over opplæringa frå hausten av. Denne planen skal presenterast for styret.

### **05/23. Datastover haust og vår 2023/ 24**

Det er viktig å skape meir blest om datastovene. Datastover kan vere ein måte å rekruttere fleire medlemmer til Seniornett Førde. Ein treng fleire instruktørar. Datastovene vert styrt av Seniornett Førde i samarbeid med Førde Pensjonistlag. Styret ønskjer å tilby kurs på kveldstid, med tanke på seniorar som framleis er i arbeid, og opplæring av nye instruktørar som kan halde kurs.

**Vedtak:** Leiar tek kontakt med Sunnfjord kommune for å informere om Seniornett Førde og få hjelp til å skaffe fleire instruktørar på kveldstid.

### **06/23. Evt. Auke av og betaling av kaffipengar på datakurs.**

Prisen på kaffi og sveler vert auka frå kr 30,- til 40,-. Det var diskusjon om kontant betaling, betaling m vipps og ein eingongssum pr år.

**Vedtak:** Styret ser på ulike innkrevingsmetodar, m.a. å leggje kaffi/ svele-utgiftene inn i kursavgiften.

### **Referatsaker**

Informasjon frå leiar: Orientering om Innkomen post, e-post på alle styremøte. Kasserar informerer om korleis det står til med økonomien i høve til budsjettet på alle styremøte.

Aslaug Vårdal Igelkjøn

- referent-